

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Håvard Tveit	Gbnr-44/1, Gbnr-44/6	20/180

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2020	Teknisk utval	PS	19.05.2020

Søknad om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 44/6 Solheim

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Informasjon til saka i samband med politisk behandling - gbnr 44/1 og 44/6	12.05.2020
Søknad om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim	12.05.2020
Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova - gbnr 44/1 og 44/6	12.05.2020
Kart gnr 44 produktiv skog	12.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 1 og 9 ikkje konsesjon til Ragnhild Solheim for overtaking av gbnr 44/1 og 6 på Solheim.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ragnhild Solheim søker om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 på Solheim. Saka vart utsett i forrige møte.

Fakta

Sjå saksopplysningane frå forrige møte.

Masfjorden kommune har summert arealet med produktiv skog utmarksområdet for bnr 1 og 2. I økonomisk kartverk frå 1965 syner servituttgrenser mellom bruka, og fordelinga tek utgangspunkt i desse grensene. Gnr 44/1 og 6 har då kring 900 daa produktiv skog, og bnr 2 kring 800 daa. Noko av skogen er planta gran, men mesteparten er blandingskog med furu og lauvskog.

Det har ikkje vore registrert hogst på eigedomen av betydning dei siste 25 åra, men søker oppgjev at dei jamnleg har tatt ut litt skog til eige bruk. Det meste av arealet har ikkje tilkomst frå veg.

Vurdering

Utmarksareal er del av arealgrunnlaget for å vurdere konsesjonsplikta for ein eigedom. Søkjar er i nær slekt med tidlegare eigar, men når eigedomen har over 500 daa produktiv skog, set lova krav om busetjing innan eitt år etter overtaking. Sidan søkjar ikkje ynskjer på busetje seg på eigedomen, må ho difor søkje konsesjon.

I tråd med rundskriv M-2017-03 skal ein legge særleg vekt på

- omsynet til busetjing
- driftsmessige gode løysingar
- omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskap

Storleiken til eigedomen, avkastingssevna og hustilhøva skal også vere med i vurderinga, men skal ikkje bli tillagt særleg vekt.

Konklusjon

Administrasjonen held fast på at busetjingsomsynet er viktig ved vurdering av konsesjonssaker i attraktive buområde i kommunen. Ressursane på 44/1 og 6 knyter seg i hovudsak til skogen og utmarka, og ressursutnyttinga kan vere bra sjølv om eigaren ikkje bur på bruket. Erfaring og forskning syner likevel at fast busetjing gjer det enklare å forvalte eigedomen. Samarbeid mellom bruk er også enklare dersom alle partar bur på eigedomen. Administrasjonen held difor fast på at ein i utgangspunktet skal vere restriktiv med å gje konsesjon i denne typen saker.

Ein eventuell konsesjon bør gjevast med vilkår som legg til rette god skjøtsel av kulturlandskapet og aktivt landbruk.

Teknisk utval - 012/2020

TU - behandling:

TU - vedtak: